

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.01.2017
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar 02.02.2017**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: 003/17

STYREMØTE: 02.02. 2017

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
12.10.2016	Høyring – Nasjonal fagleg retningslinje for handtering av CBRNE-hendingar med personskade <i>Nasjonal fagleg retningslinje for handtering av hendingar med personskade forårsaka av kjemiske stoff (C), farlege biologiske agens (B), radioaktivitet (R), nukleært materiale (N) og eksplosjonar (E) – CBRNE.</i> <i>Retningslinja inneheld tilrådingar knytt til både medisinsk behandling, vernetiltak og organisering og samhandling på skadested.</i>	Høyringsfrist 16.01.2017	Høyringssvar blei sendt
12.10.2016	Høyring – forbod mot fyring med mineralolje <i>Klima- og miljødepartementet sender med dette på høyring forslag til forskrift om forbod mot fyring med mineralolje (fossil olje) til oppvarming av bygningar.</i>	Høyringsfrist 11.01.2017	Høyringssvar blei ikkje sendt
17.10.2016	Høyring – ny forskrift om offentleg arkiv	Høyringsfrist 15.01.2017	Høyringssvar blei sendt
18.10.2016	Høyring – gjennomføring av organhandelskonvensjonen i norsk rett (forslag til endringar i transplantasjonslova, straffeprosesslova og obduksjonslova)	Høyringsfrist 17.01.2017	Høyringssvar blei ikkje sendt

	Noreg har underteikna Europarådet sin konvensjon mot ulovleg handel med menneskeorgan. Det må gjerast tilpassingar i transplantasjonslova for at Noreg skal kunne gjennomføra (ratifisere) konvensjonen. Det blir mellom anna føreslådd at strafferamma for brot på transplantasjonslova blir auka.		
01.11.2016	Høyring – NOU 2016:13 Samvitsfriheit i arbeidslivet <i>Utvalet føreslår ingen konkrete lovendringar, men gir råd for korleis det praktisk kan leggjast til rette for at den enkelte kan utføre sitt arbeid på ein måte som er i samsvar med eigen samvit, samtidig som det blir teke tilstrekkeleg omsyn til partar som arbeidsgivar, kollegaer, kundar, pasientar mv.</i>	Høyringsfrist 01.03.2017	Høyringsbrev er sendt til HF-a
01.11.2016	Høyring – Over grensa – Rapport med forslag til endringar i regelverk for privatimport ved sending av legemidlar til eiga bruk <i>Helse- og omsorgsdepartementet oppnemnde i mars 2016 ei arbeidsgruppe for å vurdere spørsmål knytt til privatimport av legemidlar ved sending. Gruppa sin rapport blei sendt departementet 30. september 2016. Av arbeidsgruppa sitt mandat går det fram det at: «Arbeidsgruppa skal i sin rapport særleg greie ut handlingsrommet Noreg har etter EØS-avtalen til å avgrense og tillate slik import, og vurdere på kva nivå avgrensingane bør liggje innan handlingsrommet, ut frå omsynet til vern av liv og helse og omsynet til personar sin rett til sjølv å velja.»</i>	Høyringsfrist 01.02.2017	
02.11.2016	Høyring – endring i barnelova <i>Barne- og likestillingsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i barnelova for å auke beskyttelsen av valds- og overgrepsutsatte barn. Det følgjer av regjeringa sin Sundvolden-plattform 16. oktober 2013 at regjeringa vil «utrede en lovendring med sikte på endring av foreldreretten og samværsretten til barn der far/stefar eller mor/stemor har blitt dømt for alvorlige overgrep mot eigne barn/stebarn.»</i>	Høyringsfrist 05.01.2017	Høyringssvar blei ikkje sendt
07.11.2016	Høyring – NOU 2016:16 Ny barnevernlov – Sikring av barnet sin rett til omsorg og beskyttelse <i>Barnevernlovutvalet blei oppretta ved kongeleg resolusjon 28. november 2014 og leverte si innstilling 29. september i år. Utvalet har føretatt ei teknisk, språkleg og strukturell gjennomgang av barnevernlova og har i tillegg vurdert nokon tema nærmare. Utvalet har kome med forslag til ny barnevernslov.</i>	Høyringsfrist 30.01.2017	
11.11.2016	Høyring – endringar i arbeidsmiljølova sine reglar om kveldsarbeid og i virkeområdet for medleverforskrifta	Høyringsfrist 02.01.2017	Høyringsbrev blei ikkje sendt

11.11.2016	Høyring – ny forskriftsbestemming i regelverk om offentlege anskaffingar <i>Stortinget har vedtatt ein ny lov om offentlege anskaffingar. Loven inneheld mellom anna ein overordna avgjerd om miljø som stiller krav til at statlege, fylkeskommunale og kommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ skal innrette sin anskaffingpraksis slik at den bidrar til å redusere skadeleg miljøpåverknad, og fremje klimavennlige løysningar der dette er relevant.</i> <i>På denne bakgrunn sender Nærings- og fiskeridepartementet forslag til ein ny forskriftsbestemming om miljø på høyring. Forslaget inneber at statlege, fylkeskommunale og kommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ må legge vekt på å minimere miljøbelastningane ved sine innkjøp.</i>	Høyringsfrist 10.02.2017	
29.11.2016	Høyring – Rundskriv om kompetansebasert modell i psykisk helsevern <i>Helsedirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide eit rundskriv om kompetansebasert modell i psykisk helsevern slik det er føreslått i Prop. 147 L (2015-16). Rundskrivet skal utarbeidast i samarbeid med relevante fagmiljø. Rundskrivet har som føremål å sikre ei god vurdering av samtykkekompetanse i psykisk helsevern ved overgang til kompetansebasert modell. Rundskrivet vil også kunne vere relevant for psykisk helsehjelp/ ved rusbehandling generelt, medrekna i kommunehelsetenesta.</i>	Høyringsfrist 15.01.2017	Høyrings svar blei ikkje sendt
02.12.2016	Høyring – NOU 2016: 17 På lik linje. Åtte løft for å realisere grunnleggjande rettigheitar for personar med utviklingshemming <i>Offentleg utval om grunnleggjande rettigheitar til menneskjer med utviklingshemming – Rettigheitsutvalet – blei oppnemnd 3. oktober 2014. Utvalet fekk i oppdrag å utgreie og fremme forslag til konkrete tiltak for å styrke grunnleggjande rettigheitar til menneskjer med utviklingshemming slik at nasjonale politiske mål om likestilling og likeverd, sjølvbestemming, deltaking og integrering blir innfridd.</i>	Høyringsfrist 02.03.2017	Høyringsbrev er sendt til HF-a
05.12.2016	Høyring – NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetenesta	Høyringsfrist 03.03.2017	
05.12.2016	Høyring – NOU 2016 12 Ideell opprydding <i>Utgreiinga er gitt til Kulturdepartementet av ekspertutvalet for utgreiing av det faglege grunnlaget for ein eventuell statleg dekning av ideelle organisasjonar sine historiske pensjonskostnader. Utvalet blei oppnemnt ved kongeleg resolusjon 10. april 2015 og avleverte si utgreiing 15. august 2016.</i> <i>I NOU 2016:12 kjem utvalet med forslag til korleis ein</i>	Høyringsfrist 01.03.2017	

	<i>eventuell kompensasjonsordning konkret kan gjennomførast og administrerast. Utvalet har også gjort greie for det juridiske handlingsrommet knytt til anskaffingar og statsstøtte.</i>		
08.12.2016	Høyring – forslag til forskrift om behandlingsreiser til utlandet <i>Behandlingsreiser til utlandet er eit diagnosespesifikt behandlingstilbod i varmt og solrikt klima. Tilbodet er eit supplement til behandlingstilbod i Noreg og er finansiert med ein eigen post på statsbudsjettet.</i> <i>Departementet meiner at kriteria for tildelinga av behandlingsreiser og saksbehandlinga av søknadane bør regulerast i forskrift og føreslår i dette høyringsnotatet eit forslag til forskrift som rammar inn gjeldande ordning. Departementet har i forslaget til forskrift også regulert retten til å få dekkja utgifter til følge på behandlingsreiser. I høyringsnotatet blir det ikkje føreslådd endringar i pasientgruppene som er omfatta av ordninga. Dette spørsmålet vil bli vurdert i samband med årlege budsjett.</i>	Høyringsfrist 10.03.2017	
09.12.2016	Høyring – forslag om endringar i spesialisthelsetenestelova § 4-1 (godkjenning av verksemder og helsetenestar i spesialisthelsetenesta) <i>Departementet si erfaring er at dagens ordning med godkjenning av sjukehus ikkje lenger fungerer etter hensikta.. Departementet vurderer at det er andre og meir egna tiltak og virkemidlar som kan bidra til kontinuerlig kvalitetsarbeid i spesialisthelsetenesta enn dagens godkjenningsordning for sjukehus.</i>	Høyringsfrist 13.03.2017	Høyringsbrev er sendt til HF-a
09.12.2016	Høyring – forslag til endring i lov om pensjonsordning for apotekverksemd mv. <i>Høyringsnotat med forslag til endring i lov om pensjonsordning for apotekverksamd mv. og forslag til ny forskrift om pensjonsgrunnlag i pensjonsordning for apotekverksamd ved midlertidig teneste i høgare stilling. Forslaget er basert på innspel frå styret i pensjonsordninga.</i>	Høyringsfrist 12.02.2017	
13.12.2016	Høyring – læringsmål for medisinske spesialitetar <i>Helsedirektoratet har i samband med ny forskrift frå Helse- og omsorgsdepartementet, ansvar for å avgjere læringsmål i ny spesialistutdanning for leger. Læringsmåla skal takast inn som vedlegg til forskrifta som blei publisert 09.12.16 og trer i kraft 01.03.17.</i>	Høyringsfrist 01.04.2017	Høyringsbrev er sendt til HF-a
20.12.2016	Høyring – kart- og planforskrifta <i>Endringane gjerast for å få betre tilpassing til digitale planprosessar og nokre utvida framstillingsmoglegheiter</i>	Høyringsfrist 20.03.2017	

	<i>på arealplan.</i>		
22.11.2016	Høyring - vekt på forskningskvalitet. Ein mogleg utviding av publiseringsindikatoren med siteringsindikator <i>Ekspertgruppa som vurderte finansieringssystemet for universiteter og høgskular, leverte rapporten Finansiering for kvalitet, mangfald og samspill til Kunnskapsdepartementet i januar 2015. Gruppa føreslo mellom anna å utgreie ein siteringsindikator. Departementet varsla i Prop. 1 S (2015–2016) at det ville komme ei slik utgrining. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet leverte Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) utgreiinga « Vekt på forskningskvalitet. En mulig utvidelse av publiseringsindikatoren med en siteringsindikator», i juni 2016.</i>	Høyringsfrist 01.03.2017	
23.12.2016	Høyring - Forskrift om kommunalt pasient- og brukarregister Departementet vil fornye, forenkle og forbetre helse- og omsorgstenesta med utgangspunkt i pasientane og brukarane sine behov. Eit godt kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for å kunne planlegge, forvalte, evaluere, korrigere og utvikle ein god og bærekraftig helse- og omsorgsteneste. KPR (kommunalt pasient- og brukarregister) skal gi oss eit slikt kunnskapsgrunnlag.	Høyringsfrist 23.03.2017	